

**AVTALE
OM**

LEIGE AV KOMMUNALE BYGG

opp til eitt år

Mellan Time kommune (utleigar) og(leigetakar) er i dag inngått følgjande avtale:

LEIGEOBJEKT

Avtala gjeld leige av

LEIGEPERIODE

Leigeforholdet gjeld frå / kl. til / kl.

For leigeforhold som varer meir enn tre månader, kan kvar av partane seie opp leigeavtalen med ein månads varsel.

LEIGEVEDERLAG

Leigetakar betalar eit leigevederlag på kr.

Leiga vert betalt

som ein eingongssum, med forfall

i månadlege avdrag, med forfall den 15. i kvar månad

Leiga inkluderer reingjering av lokalet.

Leigetakar er sjølv ansvarleg for at leiga vert betalt til Time kommune i rett tid.

Det vert rekna 12% rente p.a. ved evt. forseinka betaling.

DEPOSITUM

For å få utlevert nøklar til leigeobjektet, betalar leigetakaren eit depositum stort kr. 250.-. Utleigar betalar dette tilbake til leigetakar mot tilbakelevering av nøklar.

FRAMLEIGE

Framleige av lokale er ikkje tillatt.

LEIGETAKAR SITT ANSVAR

Leigetakar er ansvarleg for å halde lokalet ryddig og i orden.

Leigetakar skal utvise vanleg aktsemd ved bruken av lokalet. Leigetakar forpliktar seg til å følge brannføresegner og ordensreglementet for lokalet, der slikt føreligg.

Leigetakar har ikkje adgang til å gjere endringar i lokalet.

Leigetakar er ansvarleg for alle skader som skuldast leigetakar sin bruk av arealet. Dette unnateke vanleg slitasje og elde.

Leigetakar overtek i forhold til Time kommune eit kvart erstatningsansvar for skade som verksemda i lokalet måtte påføre tredjemann.

Leigetakar er sjølve ansvarleg for personelge ting og verdisaker.

Leigetakar pliktar å etterkomme og finansiere evt. krav og påbod som måtte kome frå offentlege myndigheter i samband med leigetakar sin bruk av arealet.

Leigetakar er ansvarleg for alle evt. offentlege avgifter eller skattar som følgjer av leigeforholdet eller leigetakar sin bruk av lokalet.

FORSIKRING

Leigetakar er ansvarleg for forsikring av eige inventar og utstyr.

OPPHØYR AV LEIGEFORHOLDET

Ved opphør av leigeforholdet skal arealet leverast tilbake rydda, og i same stand som leigetakar overtok det. Utleigar står for reingjering av lokalet.

TVISTAR

Partane vedtek eigedomen sitt verneting i eventuelle tvistar som måtte oppstå i samband med dette avtaleforholdet.

ANDRE TILHØVE

Lokalet vert tatt over i den stand det er når leigeperioden tek til.

Leigetakar vedtek med dette at tvangsfraivik kan krevjast utan søksmål og dom dersom leige ikkje vert betalt innan 14 dagar etter at skriftleg påkrav vert sendt, eller dersom leigetakar ikkje flytter ved opphør av leigeforholdet, jf tvangsfyllbyrdelsesloven § 13-2.

Denne avtalen ligg føre i to likelydande eksemplar, kor partane beheld kvar sitt.

.....
Time kommune

.....
(Leigetakar)

LEIGE AV KOMMUNALE BYGG I TIME KOMMUNE

1. ANLEGG

Reglementet omfattar følgjande bygg:

- idrettshallar
- symjehallar
- skular og barnehagar
- administrative bygg
- kulturbygg

2. BRUKARAR

Brukarar som får leige:

- | | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none">- idrettshallar- symjehallar- skular og barnehagar- administrative bygg- kulturbygg | <ul style="list-style-type: none">- lag og organisasjonar, institusjonar- lag og organisasjonar, institusjonar- lag og organisasjonar, elevar, tilsette, føresette- lag og organisasjonar, tilsette, politikarar- lag og organisasjonar, institusjonar, artistar, private |
|---|---|

3. UTLEIGE

Kommunalsjef for Samfunn er administrativt ansvarleg for alle kommunale anlegg

Leiarane nedanfor er ansvarleg for utleige av desse bygga for inntil eitt år:

Idrettshallar og gymhallar	- Fritidssjef
Symjehallar	- Fritidssjef
Skular	- Rektor
Barnehagar	- Styrar
Administrative bygg	- Fellestenestesjef
Regionalt kulturhus	- Kulturhussjef
Fotland bygdemølle	- Avdelingssjef for landbruk, miljø og kulturvern
1900 huset, ungdomslokaler og	
Velferdssenteret, Dagsenteret	- Fritidssjef
Treningsal – fysioterapi	- Avdelingssjef for helse og rehabilitering

Ved all utleige skal det ligge føre ein skriftleg avtale mellom leidgetakar og uteigar, det gjeld og der leidgetakar har fått utlevert nøklar til bygget.

4. LEIGESATSAR

Spesifiserte leigesatsar for kvart enkelt anlegg følgjer vedlagt.

